

Lesing, skriving og munnlegheit i samfunnsfaga - verktøy til kritisk literacy

Av Trude Alfsvåg og Stine Aarønes Angvik

Samfunnet vårt er prega av ei overveldande mengd informasjon og er i stadig endring. Samfunnsfaga tilbyr både kunnskap og ferdigheiter som elevane treng for å bli deltakande medborgarar og til å forstå seg sjølv og samfunnet dei lever i. Elevane får moglegheit til å vere kritisk spørjande og øve opp eit analytisk blick til å sjå motiva bak ulike ytringar. Å arbeide med dei grunnleggjande ferdigheitene lesing, skriving og munnlegheit i samfunnsfaga, kan hjelpe elevane til å øve opp ein kritisk literacy-kompetanse.

Lesing i samfunnsfaga

Læreplanen inviterer til å bruke eit mangfald av tekstar i undervisninga. I kjerneelementet *Undring og utforskning* står det til dømes at elevane skal arbeide med ulike typar historiske, geografiske og samfunnskunnskaplege kjelder. Når elevane les i samfunnsfaga, skal dei bruke desse tekstane til å blant anna innhente og bruke informasjon, utforske, tolke, tenke kritisk og reflektere. Læraren er ekspert i sitt fag, og må synleggjere kva som er relevante lesemåtar og vise korleis ein god lesar les i faget. Det kan han gjere ved å modellere hensiktsmessige lesestrategiar for elevane, fortelje kva ein god lesar tenker og vise fram kva for grep han gjer undervegs i lesinga for å skape mening i tekstane (Hoem & Staurseth, 2014). Dette er i tråd med skildringane i *Overordnet del* (Kunnskapsdepartementet, 2017) om å lære å lære. Elevane vil utvikle djupare fagleg innsikt med eit mangfald av strategiar å støtte seg på når dei skal tileigne seg ny kunnskap, som dei samtidig skal vere kritiske til.

Tekstmangfaldet i kunnskapssamfunnet fordrar at elevane kan sjå fleire ulike kjelder i samanheng med kvarandre. Å lese multiple tekstar, altså fleire og forskjellige teksttypar, er utfordrande. Ein føresetnad for at elevane kan bevege seg i og mellom tekstane på ein måte som faktisk fører til djupare innsikt, er at dei er aktive og kritiske i lesinga si. Å arbeide med tekstar på denne måten, kan opplevast som krevjande fordi elevane må bruke det dei veit frå før og gjere sjølvstendige vurderingar for å knyte saman informasjon og argument på tvers av tekstane (Bråten & Strømsø, 2007).

Når elevane les på tvers av tekstar treng dei læraren si støtte. I ein og same tekst er tekstsamanbindingar med på å strukturere innhaldet, gjennom ord og uttrykk som “for det fyrste”, “dessutan” eller “i motsetnad til”. Men, slike bindingar finst ikkje på tvers av tekstar. Elevane treng derfor stillas til å lese tekstane i samanheng, alt etter kva som er målet med lesinga. Å bryne seg på autentiske og varierte teksttypar, kan bidra til å utvikle ein kjeldekritisk lesekompetanse og ei djupare og meir kompleks fagleg forståing hos elevane (Bråten & Strømsø, 2007). Tekstane læraren tar inn i undervisninga må sjølvsgt vere tilrettelagt til elevane sitt nivå, og ein skal etter kvart la elevane «finne og samanlikne informasjon i eit større mangfald av kjelder med større kompleksitet» (læreplanen).

Felles for tekstane i samfunnsfaga, er at dei er *multimodale*. Tekstane er bygd opp av fleire meningsberande ressursar, som verbaltekst, bilete og illustrasjonar (Løvland, 2011). For å forstå ein slik tekst må elevane lese og tolke samspelet mellom fleire tekstelement. For eksempel kan ein spørje: peiker tekst og bilete i same retning, er elementa motstridande, eller utdjuar dei kvarandre? Arbeid med multimodale tekstar gir elevane moglegheit til å vere både undersøkjande, strategiske og analytiske i lesinga si.

Å orientere seg i og mellom tekstar, halde saman informasjon, stille spørsmål, vere kjeldekritisk og forstå vekselverknaden mellom del og heilskap i tekst, er relevante lese- og skrivemåtar i samfunnsfaga. For å meistre dette, treng elevane både god kjennskap til ulike type tekstar, og kjennskap til hensiktsmessige strategiar som dei sjølv kan bruke i læringsprosessane. Det vil og vere til hjelp når elevane skal skrive i samfunnsfaga.

Skriving i samfunnsfaga

I samfunnsfaga skal elevane planleggje, utforme og arbeide med fagtekstar der dei drøftar problemstillingar og bruker komplekse kjelder. Dei skal og kunne uttrykke, grunngi og argumentere for eigne og andre sine meiningar og verdiar. Dette er komplekse ferdigheiter som er krevjande å øve opp, og derfor treng elevane opplæring i å skrive for eksempel drøftande tekstar i samfunnsfaglege sjangrar (Applebee & Langer, 2013).

Det er eit mål at elevane skal utforske, samanlikne og diskutere samfunnsfaglege årsaker, verknader og samanhengar, både munnleg og skriftleg. Eit kvalitetstrekk ved ein drøftande tekst er at elevane bruker fagkunnskap og samfunnsfaglege omgrep for å finne ut kva dei sjølve meiner. Elevane skal dessutan bygge opp logiske resonnement i ein heilskapleg argumentasjon, som viser korleis dei har kome fram til ein konklusjon.

Slike faglege krav meistrar ikkje elevane utan vidare. I ei eksplisitt undervisning som bind saman fag og skriving, kan modelltekstar brukast som eksempel. Læraren kan synleggjere kva for samfunnsfaglege normer og kriterier som kjenneteiknar ein fagtekst av god kvalitet, blant anna presis bruk av fagomgrep, grunngitte konklusjonar og bevisst kjeldebruk (Overrein & Smidt, i Smidt (red.), 2010). Læraren kan og vise fram og modellere skrivestrategiar som elevane treng når dei skal skrive liknande fagtekstar (Graham & Perin, 2007).

Å samarbeide om fagskriving kan vere ei god støtte, både fordi ein må diskutere ulike val knytt til skriving av fagteksten, og fordi medeleven er ein reell mottakar når han les teksten (Eritsland, 2008). Får elevane i tillegg problematisere autentiske samfunnsfaglege tema, kan dei oppleve både undervisninga og skrivinga som utfordrande, relevant og motiverande (Gibbons, 2009).

Opgåver som motiverer til refleksjon rundt innhald, form, relevans og kvalitet, gjer skriving til eitt av fleire ledd i elevane si utvikling av ei djupare samfunnsfagleg forståing (Frey, Fisher & Hattie, 2017). Å jobbe fram innhaldet i ein tekst, innebér at elevane analyserer og diskuterer faglege problemstillingar, og at dei reflekterer kritisk rundt sentrale tema, også når dei skriv.

For at elevane skal lykkast med å skrive i samfunnsfaga, er det fleire faktorar som læraren bør tenke på. Å sette av nok tid og gi god støtte er avgjerande. Elevane skal blant anna lære korleis dei kan avkode og planleggje skriveoppgåva, undersøke ulike kjelder og trekke ut det viktigaste frå dei. Elevane må og vite korleis dei skal skrive og revidere tekstar, aleine eller saman med andre. Når læraren gir rom for samarbeid i samfunnsfaga, fungerer det munnlege språket som ei støtte for skrivinga.

Munnlegheit i samfunnsfaga

Skulen sitt arbeid med munnlege ferdigheiter er eit ledd i å la elevane utvikle ei stemme som kan bli høyrte i samfunnet. Elevane skal ikkje berre lære om kva demokratiske prinsipp er for noko, dei skal og få trening i å vere aktive demokratiske medborgarar (Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, §1-1). Målet er at elevane etter kvart overfører kunnskap og ferdigheiter til problemstillingar som dei vil møte også utanfor skulen.

Det fordrar relevante samfunnsfaglege undervisningsopplegg der elevane er aktive og samhandlande, for eksempel gjennom strukturerte faglege samtalar kor elevane bruker fagkunnskap til å grunngje meiningar og idear (Børresen, 2012). Elevane skal trene seg i å lytte til og forstå ulike syn, bygge vidare på og ta andre sine perspektiv, om ein er einig eller ikkje. Å vere munnleg på fagrelevante måtar er noko meir enn det ein kan definere som å vere "munnleg aktiv" (Penne & Hertzberg, 2008). Det er opp til læraren å legge til rette for munnlege oppgåver med eit klart formål, på same måte som han gir utfordrande skriveoppgåver og spesifikke lesebestillingar.

Arbeid med munnlege ferdigheiter kan hjelpe eleven å trenge djupare ned i den faglege forståinga. Det er eit mål at eleven blir i stand til å avgjere, på eit fagleg grunnlag, kva som vil vere relevant i eit munnleg innlegg; kva spørsmål ein bør stille og korleis han kan argumentere for sitt syn. Slike innlegg inneheld tankerekker som viser kjennskap til faktakunnskap, forståing av samanhengar og drøfting av årsaksforklaringar. Desse faglege resonnementa kan læraren sjå som eit uttrykk for kor djup innsikt og forståing eleven har opparbeidd seg om eit tema eller ei problemstilling.

Når undervisninga blir organisert slik at elevane arbeider i par eller grupper, får dei høve til å tenke saman med andre. Eit slikt samarbeid gir både nødvendig støtte og motstand undervegs i tankearbeidet. Læraren si tilrettelegging for arbeid med munnlege ferdigheiter blir altså heilt avgjerande. Det handlar om å gjere elevane i stand til å drøfte faglege spørsmål og å ta ulike perspektiv, for at eleven skal utvikle ei djupare fagleg forståing i samfunnsfaga.

På veg mot kritisk literacy?

Eksplisitt og systematisk opplæring i dei grunnleggande ferdigheitene lesing, skriving og munnlegheit må sjåast i samheng med kvarandre, og i nær samheng med faglege tema og problemstillingar. Når elevane får kjennskap til samfunnsfaglege teksttypar, ser dei òg korleis kunnskap blir formidla og strukturert. Dette krev eigne måtar å lese, skrive og ytre seg på, slik at elevane kan øve opp eit kritisk blikk og få verktøy som dei kan bruke til å identifisere underliggende motiv ved eigne og andre sine meiningar og synspunkt. Målet er at elevane utviklar ein kritisk literacy-kompetanse, ein tilgangskompetanse som førebur dei til å vere reflekterte og kritisk tenkande deltakarar i samfunnet.

Spørsmål til diskusjon etter lesing:

Tenk fyrst over sjølv og diskuter i gruppa etterpå.

Lesing:

Ta utgangspunkt i dei siste tekstane du las saman med elevane dine:

- Kva lesemtåtar tok elevane i bruk i møte med tekstane?
- Kva gjorde du for å sikre at elevane si lesing og faglege forståing blei ivaretatt?
- Korleis kan ein arbeide med tekstar for å utvikle elevane sin kritisk literacy-kompetanse?

Skrijving:

Ta utgangspunkt i dei siste skriveoppgåvene du ga i faget ditt:

- Kva var dei største utfordringane knytt til skrijvinga?
- Kva gjorde du for å imøtegå desse utfordringane?
- Kva for skriveoppgåver kan bidra til å utvikle elevane sin kritisk literacy-kompetanse?

Munnlegheit:

Ta utgangspunkt i dei siste munnlege oppgåvene du gjennomførte med elevane i faget ditt:

- Kva var dei største utfordringane knytt til dei munnlege oppgåvene?
- Kva gjorde du for å sikre at elevane sine munnlege ferdigheiter blei utvikla?
- Kva for munnlege oppgåver kan bidra til å utvikle elevane sin kritisk literacy-kompetanse?

Kjelder:

Applebee, A. & Langer, J. (2013). *Writing Instruction That Works. Proven Methods for Middle and High School Classrooms*. Berkeley, CA: National Writing Project.

Bråten, I., & Strømsø, H. (2007). Forståelse av multiple tekster. I: I. Bråten (Red). *Leseforståelse: Lesing i kunnskapssamfunnet-teori og praksis* (s 168-195). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag

Eritsland, A.G. (2008). *Samskriving: ny veg i skriveopplæringa*. Oslo: Samlaget.

Frey, N., Fisher, D., Hattie, J. (2017) Surface, Deep, and Transfer? Considering the Role of Content Literacy Instructional Strategies. *Journal of Adolescent & Adult Literacy* Vol. 60 No. 5: <http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1002/jaal.576/epdf>

Gibbons, P. (2009). *English Learners, Academic Literacy, and Thinking. Learning in the Challenge Zone*. Heineman.

Graham, S., & Perin, D. (2007). Writing Next: Effective strategies to improve writing of adolescents in middle and high school -- A report to Carnegie Corporation of New York. Washington, D.C.: Alliance for Excellent Education.

Hoem, T. E. & Staurseth, H. E. (2014) Lesing i samfunnsfag. I A. Skaftun, O. J. Solheim & P. H. Uppstad (Red.), *Leseboka: Leseopplæring i alle fag på ungdomstrinnet* (s. 145-165). Oslo: Cappelen Damm AS

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Verdier og prinsipper for grunnsopplæringen – overordnet del av læreplanverket*. Regjeringen. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/verdier-og-prinsipper-for-grunnsopplaringen/id2570003/>

Lov om grunnskole og den vidaregåande opplæringa, lastet ned 14. februar 2018.

Løvland, A. (2011). *På jakt etter svar og forståing: samansette fagtekstar i skulen*. Fagbokforlaget.

Penne, S. & Hertzberg, F. (2008). *Muntlige tekster i klasserommet*. Oslo: Universitetsforlaget.